

Kvartalsrapport

2. kvartal 2025



Sogn
SPAREBANK



Innhaldsliste

Hovudtal Sogn Sparebank	3
Nøkkeltal	4
Styret si melding	5
Resultat	5
Driftsinntekter	6
Driftskostnader	6
Nedskrivningar på utlån og garantiar	6
Avkastning på eigenkapitalbevisa	6
Balanse	7
Utlån	7
Innskot	7
Kapitaldekning	7
Dotterselskap og tilknytt selskap	8
Utsiktene framover	9
Stadfesting frå styret og dagleg leiar	11
Kvartalsrekneskap Q2 – 2025	12
Balanse	13
Eigendelar	13
Gjeld og eigenkapital	13
Eigenkapitaloppstilling	14
Kontantstraumoppstilling	15
Notar	16
Note 1 Generell informasjon	16
Note 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat	16
Note 3 Konsern og tilknytt selskap	17
Note 4 Transaksjonar med nærstående partar	19
Note 5 Misleghaldne kredittforringa engasjement i andre halvår	19
Note 6 Utlån til og fordringar på kundar fordelt på sektor og næring	19
Note 7 Nedskrivning, tap, finansiell risiko	20
Note 8 Segment	22
Note 9 Verdipapir	23
Note 10 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring	24
Note 11 Gjeld ved utferda verdipapir	25
Note 12 Kapitaldekning	25
Note 13 Eigarandelsbrøk	28
Note 14 Eigenkapitalbevis - 20 største eigarar	30
Note 15 Hending etter balansedag	31

Hovudtal Sogn Sparebank

RESULTATSAMANDRAG	Kvartalsrekneskap			
	30.06.2025	i % av gj.sn. forv.kap.	30.06.2024	i % av gj.sn. forv.kap.
Netto renteinntekter	91 737	2,25 %	91 601	2,34 %
Netto andre driftsinntekter	13 810	0,34 %	12 382	0,32 %
Netto avkastning finansielle investeringer	25 786	0,63 %	16 935	0,43 %
Sum driftsinntekter	131 333	3,21 %	120 917	3,09 %
Sum driftskostnader	57 998	1,42 %	51 659	1,32 %
Resultat før tap	73 335	1,79 %	69 258	1,77 %
Tap på utlån	-254	-0,01 %	2 768	0,07 %
Skattekostnad	16 500	0,40 %	13 428	0,34 %
Ordinært resultat etter skatt	57 089	1,40 %	53 062	1,36 %
Totalresultat	62 623	1,53 %	43 626	1,11 %




Nøkkeltal

NØKKELTAL	30.06.2025	30.06.2024
Balansetal		
Brutto utlån	6 649 640	6 570 193
Eika Boligkreditt AS	933 147	862 422
Totale utlån med Eika Boligkreditt AS	7 582 787	7 432 615
Innskot frå kundar	6 381 563	6 160 299
Innskotsdekning	95,97 %	93,76 %
Forvaltningskapital	8 442 894	8 094 858
Lønsemd		
Kostnadsprosent eksklusiv verdipapir	54,95 %	49,68 %
Kostnadsprosent inklusiv verdipapir	44,16 %	42,72 %
Eigenkapitalavkastning (totalresultat)	10,53 %	7,93 %
Eigenkapitalavkastning (resultat etter skatt)	9,60 %	9,62 %
Soliditet		
Rein kjernekapitaldekning, morbank	28,60 %	22,90 %
Kjernekapitaldekning, morbank	28,60 %	22,90 %
Kapitaldekning, morbank	28,60 %	22,90 %
Rein kjernekapitaldekning konsolidert	26,43 %	23,48 %
Uvekta kjernekapitalandel konsolidert	11,86 %	11,28 %
Likviditet (morbank)		
LCR	233	206
NSFR	136	138
Eigenkapitalbevis (morbank)		
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr	20,00	15,00
Bokført pr EK bevis	243,88	235,40
Kurs på eigenkapitalbevis	288,00	202,00
Pris/bokført verdi	1,18	0,86
Resultat pr. eigenkapitalbevis	11,42	11,15
Tal kontor	7	7
Årsverk morbank	40,1	42,1

Styret si melding

Sogn Sparebank har i andre kvartal hatt ei god økonomisk utvikling med auka inntekter mot fjoråret. Hovudinntekta til banken kjem frå rentenetto. Rekneskapen for andre kvartal 2025 er utarbeidd i samsvar med IFRS. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34.



Resultat

Sogn Sparebank legg fram eit resultat før tap på 73,3 mill. kroner pr. Q2 2025. Resultat før tap er 4,1 mill. kroner betre enn andre kvartal 2024.

Rekneskapen til Sogn Sparebank viser at resultatutviklinga frå 2024 held fram. Me opplever at konkurransen på forsikring og banktenester er stor, men opplever likevel god vekst. Det er tilbakeført 0,3 mill. kroner på tap utlån og garantiar hittil i 2025.

Resultat etter skatt gir ein eigenkapitalavkastning¹ pr. 30.06.2025 på 9,60 %.

Totalresultatet er påverka av verdiendring på finansielle eigendelar, hovudsakleg frå Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS, som er postar som ikkje vil bli omklassifisert til resultatet. Banken rapporterer eit totalresultat pr. 30.06.2025 på 62,6 mill. kroner etter skatt, ein auke frå 19,0 mill. kroner pr. 30.06.2024.

¹ Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank» pr. 31.12.2024.

Eigenkapitalavkastning, resultat etter skatt

9,60 %

Resultat etter skatt

57,1

mill.kroner

Driftsinntekter

Netto renteinntekter er 91,7 mill. kroner, som utgjør 2,25 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK). Tilsvarende tal for andre kvartal 2024 var renteinntekter på 91,6 mill. kroner som var 2,34 % av GFK. Pr. 30.06.2025 var andre ordinære driftsinntekter 13,8 mill. kroner, som utgjør 0,34 % av GFK. Samla utgjør våre driftsinntekter 3,21 % av GFK mot 3,09 % i same periode fjor.

Driftskostnader

Pr. 30.06.2025 var driftskostnadene 58,0 mill. kroner, tilsvarende 1,42 % i høve til GFK, som er 0,10 prosentpoeng høgare enn i fjor. Kostnadsprosenten i prosent av totale inntekter, inklusiv verdipapir, er på 44,16 % mot 42,72 % i same periode fjor. Kostnadsprosenten eksklusiv verdipapir er 54,95 % mot 49,68 % i same periode i 2024.

Forvaltningskapital

8,4

mrd. kroner

Driftskostnader

58,0

mill. kroner

Nedskrivingar på utlån og garantiar

Banken har pr. andre kvartal tilbakeført nedskrivingar på utlån og garantiar på 0,3 mill. kroner som er ein forbetring på 3,0 mill. kroner frå i fjor. Det er auka misleghald i personmarknaden der me har god sikring. Det er føreteke mindre justeringar på tidlegare tapsavsette engasjement.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Banken rapporterer eit resultat pr. 30.06.2025 etter berekna skatt på 57,1 mill. kroner, tilsvarende 1,40 % av GFK, mot 1,36 % i same periode i fjor. Dette er om lag som forventa. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Berekna resultat er på 11,42 kroner pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Eigenkapitalbevisa i Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 30.06.2025 var kroner 288,00 pr. eigenkapitalbevis.

Balanse

Utlån

Pr. 30.06.2025 har banken 6 650 mill. kroner i bruttoutlån som er ein auke på 79 mill. kroner siste 12 månader og som svarar til ein vekst på 1,21 % i eigen bank. Lån til personmarknaden utgjer 5 676 mill. kroner, og lån til bedriftsmarknaden utgjer 973 mill. kroner.

I tillegg yter banken 933 mill. kroner i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS, det er ein auke på 71 mill. kroner, tilsvarande ein vekst på 8,20 % i høve til same tid i fjor.

Total utlånsvekst inklusive Eika Boligkreditt AS ligger på 2,02 % sett mot fjoråret.

Innskot

Pr. 30.06.2025 har banken 6 382 mill. kroner i innskot, som er ein auke på 221 mill. kroner siste 12 månader og som svarar til ein vekst på 3,59 %. Innskot frå personmarknaden utgjer 4 480 mill. kroner, og innskot frå bedriftsmarknaden utgjer 1 901 mill. kroner. Innskotsdekninga i banken pr. 30.06.2025 er 95,97 %. Pr. 30.06.2025 har banken ein forvaltningskapital på 8 442,9 mill. kroner, som er ein auke på 348,0 mill. kroner siste 12 månader og som svarar til ein vekst på 4,30 %.

Kapitaldekning

Pr. 30.06.2025 var banken si kapitaldekning 28,60 % mot 22,90 % i same periode i 2024. Sogn Sparebank har pr i dag berre rein kjernekapital. Banken si kapitaldekning ligg innanfor alle regulatoriske krav, og resultatet hittil i år er ikkje med i kapitaldekninga.

Etter forholdsmessig konsolidering av Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS er rein kjernekapitaldekning på 26,43 %, som er om lag på nivå med fjoråret på 23,48 %.

Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta eigarandeler i selskap som forholdsmessig konsoliderast inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, i likskap med resten av bankane i Eika alliansen, jf. note 12.



Dotterselskap og tilknytt selskap

Dotterselskap

- Sogn Sparebank eig 100 % av Sogn Sparebank Eigedom AS, som eig lokala banken leiger i sentrum av Sogndal., jf. note 3.

Tilknytt selskap

- Sogn Sparebank eig 35 % av Sogn Forsikring AS som sel Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Selskapet har pr. 30.06.2025 ein tilsett.

Utsiktene framover

Banken har i andre kvartal 2025 oppnådd gode resultat, og skal halde fram med å vere ein nær og synleg medspelar for kundane og lokalsamfunna i Sogn. Dette lukkast me med ved å stimulere til aktivitetar og verdiskaping, og vere ein god partnar for privatkundar og verksemdar.

Gjennom Sogn Sparebank sitt gåvefond set me fokus på barn og unge, folkehelse og berekraft og gjev gåver til allmennyttige føremål. Samarbeid er nøkkelen til suksess, og me har alltid ei open dør for lag og organisasjonar, eldsjeler og gode innspel til korleis banken kan bidra til at Sogn vert ein endå betre plass å bu og vekse opp i.

Me gjer Sogn til ein endå betre plass å bu og vekse opp i.

God styring av risiko er eit prioritert område. Sogn Sparebank er godt kapitalisert og har ein god likviditet ved Q2-2025. På grunnlag av målbiletet for Sogn Sparebank, har styret lagt banken sin strategi. Banken vil halde fram med å styrka drifta, samstundes som me vil jobbe med å auke inntektene.

Noregs Bank har i juni 2025 for første gang sidan desember 2023 satt ned styringsrenta til 4,25 prosent, og har gitt uttrykk for at det er forventa ytterlegare nedgang i styringsrenta mot slutten av 2025. Det er stor usikkerheit om utviklinga av verdsøkonomien i året som kjem. Konfliktsituasjonen i verda, saman med ny administrasjon i USA, kan påverke rentebana også i Noreg.

Sogn Sparebank har ein solid kapitaldekning og god likviditet, og vil også framover være en sutalaus medspelar for våre kundar. Fokus til banken er heile tida å ha god drift og lønnsemd, og jobba til det beste for kundane. Ved å tilby individuell rådgiving innan kreditt, sparing og plassering samt forsikring har banken som mål å finne gode og varige løysingar for kundane.

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

Årdalstangen den 14. august 2025

Atle Terum (s.)
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)

Olav Vikøren (s.)

Marit Røyrvik Eldegard (s.)

Tone Kristin Myklebust Kvåle (s.)

Marianne Sundal (s.)

Tilsettere representant

Mads Arnfin Indrehus (s.)
Adm. Banksjef

Stadfesting frå styret og dagleg leiar

Styret stadfestar etter beste overtyding at rekneskapen for perioden 1. januar til 30. juni 2025 er utarbeida i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomitè (IFRIC). Opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret og adm. Banksjef meiner òg at halvårsrapporten gjev ei rett oversikt over viktige hendingane i rekneskapsperioden og kva slags verknad desse har på halvårsrekneskapen, og ei vurdering av dei mest sentralt usikre forhold og risikofaktorar banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode

Årdalstangen den 14. august 2025

Atle Terum (s.)
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)

Olav Vikøren (s.)

Marit Røyrvik Eldegard (s.)

Tone Kristin Myklebust Kvåle (s.)

Marianne Sundal (s.)

Tilsettere representant

Mads Arnfin Indrehus (s.)
Adm. Banksjef

Kvartalsrekneskap Q2 – 2025

Resultat		2. kvartal	2. kvartal	Året
Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Note	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Renteinntekter - amortisert kost		207 265	200 246	411 131
Renteinntekter - verkeleg verdi		1 127	791	1 909
Rentekostnader		116 655	109 436	224 701
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		91 737	91 601	188 339
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		14 222	12 863	29 075
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		2 409	2 404	6 379
Utbyte og andre inntekter av eigenkapitalinstrumenter		18 327	9 152	12 895
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	<u>9</u>	7 459	7 782	18 644
Andre driftsinntekter		1 997	1 924	4 054
Netto andre driftsinntekter		39 596	29 316	58 289
Løn og andre personalkostnader		24 922	21 904	47 486
Andre driftskostnader		27 268	26 454	51 723
Avskrivningar på driftsmiddel		5 807	3 302	6 346
Sum driftskostnader før tap på utlån		57 998	51 659	105 555
Resultat før tap		73 335	69 258	141 073
Kreditttap på utlån og garantier	<u>7</u>	-254	2 768	6 255
Driftsresultat før skatt		73 589	66 490	134 818
Skattekostnad		16 500	13 428	31 060
Resultat av ordinær drift etter skatt		57 089	53 062	103 758
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>				
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger				
Verdiendring på finansielle eigendeler	<u>9</u>	5 534	-9 436	-1 822
Skatt				
Postar som ikkje vil bli reversert i resultatet		5 534	-9 436	-1 822
Totalresultat		62 623	43 626	101 936
Resultat per eigenkapitalbevis		11,42	11,15	17,90

Balanse

Eigendelar

Tall i tusen kroner	Note	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Kontantar og fordringar på sentralbankar		88 697	89 397	86 921
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		920 613	730 224	777 260
Utlån til og fordringar på kunder til virkelig verdi	<u>5, 6, 7</u>	22 404	22 361	22 361
Utlån til og fordringar på kunder til amortisert kost	<u>5, 6, 7</u>	6 593 474	6 509 458	6 542 586
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	<u>9</u>	373 563	333 661	281 292
Verdipapir til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	<u>9</u>	335 341	315 279	409 696
Eigarinteresser i tilknytta selskap	<u>3, 9</u>	135	135	135
Eigarinteresser i dotterselskap	<u>3, 9</u>	13 350	7 550	13 350
Investeringsseigedom		0	0	0
Varige driftsmiddel		86 247	73 796	86 558
Andre eigendelar		7 471	9 045	5 825
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg		1 600	3 952	3 600
Sum eigendelar		8 442 894	8 094 858	8 229 585

Gjeld og egenkapital

Tall i tusen kroner	Note	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Innlån frå kredittinstitusjoner		60 606	152 009	151 135
Innskot frå kundar	<u>10</u>	6 381 563	6 160 299	6 115 086
Gjeld ved utsteda verdipapir	<u>11</u>	701 275	601 584	701 348
Finansielle derivater		0	0	0
Anna gjeld		50 927	40 084	46 866
Pensjonsforpliktelser		0	0	0
Betalbar skatt		27 278	13 428	34 988
Utsett skatt		1 128	7 008	1 129
Andre avsetninger		853	470	747
Ansvarlig lånekapital	<u>10</u>	0	0	0
Fondsobligasjonskapital		0	0	0
Sum gjeld		7 223 631	6 974 882	7 051 298
Innskoten egenkapital	<u>12, 13, 14</u>	63 764	63 764	63 764
Opptent egenkapital		1 098 410	1 003 151	1 010 765
Fondsobligasjonskapital		0	0	0
Udisponert overskot etter skatt		57 089	53 062	103 758
Sum egenkapital		1 219 263	1 119 977	1 178 287
Sum gjeld og egenkapital		8 442 894	8 094 859	8 229 585

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling pr. 30.06.2025

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital				Sum egenkapital
	Eigenkapitalbevis	Eigne egenkapital-bevis	Overkurs-fond	Sparebanken sitt fond	Utjamnings-fond	Gåvefond	Fond for urealiserte vinstar	Anna opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2024	31 625	-673	32 812	943 190	67 070	39 375	64 887		1 178 287
Resultat etter skatt				49 867	7 222				57 089
Verdiendring på finansielle eigendeler over andre inntekter og kostnader							5 534		5 534
Totalresultat 30.06.2025	0	0	0	49 867	7 222	0	5 534	0	62 623
Transaksjoner med eigarane									0
Utbetalt utbytte					-12 650				-12 650
Utbetalt frå gåvefond						-8 997			-8 997
Andre eigenkapitaltransaksjonar									0
Eigenkapital 30.06.2025	31 625	-673	32 812	993 056	61 643	30 378	70 422	0	1 219 263
Eigenkapital 31.12.2023	31 625	-673	32 812	862 222	62 764	37 878	66 709		1 093 338
Resultat etter skatt				46 008	7 054				53 062
Verdiendring på finansielle eigendeler over andre inntekter og kostnader							-9 436		-9 436
Totalresultat 30.06.2024	0	0	0	46 008	7 054	0	-9 436	0	43 626
Transaksjoner med eigarane									0
Utbetalt utbytte					-9 488				-9 488
Utbetalt frå gåvefond						-7 500			-7 500
Andre eigenkapitaltransaksjonar									0
Eigenkapital 30.06.2024	31 625	-673	32 812	908 230	60 331	30 379	57 273	0	1 119 976

Kontantstraumoppstilling

	2. kvartal	2. kvartal
Tal i tusen kroner	2025	2024
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
Netto utbetaling av utlån til kundar	(51 897)	(194 684)
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	195 892	187 227
Overtekne eigendelar	-	-
Netto innbetaling/-utbetaling av innskot frå kundar	187 810	228 291
Renteutbetalingar på innskot frå kundar	(13 627)	(10 390)
Netto utbetaling av utlån til kredittinstitusjonar	(27 250)	13 601
Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar	15 594	-
Netto sal/-kjøp av sertifikat og obligasjonar	-	-
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	247	252
Netto provisjonsinnbetalingar	11 813	10 458
Utbetaling ved kjøp av aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultatet	-	-
Innbetaling frå sal av aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultatet	318	(44 952)
Utbetalingar til drift	(57 233)	(46 622)
Betalt skatt	(19 369)	(19 369)
Utbetalte gåver av overskot	-	-
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	242 299	123 813
Kontantstraumar frå investeringar		
Investering i varige driftsmidar	(3 497)	(829)
Innbetaling frå sal av varige driftsmidar	-	-
Investeringar i langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	(7 024)	8 116
Innbetaling frå sal av langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	1 536	(2 398)
Utbyte frå investeringar i langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	18 327	8 494
B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	9 342	13 383
Kontantstraumar frå finansiering		
Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	-	-
Tilbakebetaling av utsteda av verdipapir	-	-
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	(18 915)	(17 087)
Opptak av lån til kredittinstitusjonar	-	-
Tilbakebetaling av lån til kredittinstitusjonar	(90 000)	-
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar	(3 635)	(2 834)
Utbetaling frå gavefond	(8 997)	(7 500)
Utbyte til eigenkapitalbevisegarane	(12 650)	(9 488)
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	-134 197	-36 909
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	117 443	100 287
Likviditetsbeholdning 1.1	858 781	713 934
Likviditetsbeholdning 30.6	976 224	814 221
Likviditetsbeholdning spesifisert:		
Kontantar og fordringar på Noregs Bank	88 697	89 397
Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	887 527	724 824
Likviditetsbeholdning	976 224	814 221

Kontantstraumanalysen er utarbeidd etter den direkte metoden, og viser korleis morbank og konsern har fått tilført likvide midlar og korleis desse er brukt.

Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank, samt utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

Notar

Note 1 Generell informasjon

Rekneskapen gjeld for perioden 01.01. - 30.06.2025. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Sogn Sparebank innreknar ikkje dotterselskapet Sogn Sparebank Eigedom AS då dette ikkje har vesentleg omsetnad.

Rekneskapen for andre kvartal 2025 vart vedteke av styret 14. august 2025.

Note 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapen til Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Banken nyttar dei same rekneskapsprinsippa og utrekningane som vart nytta i årsrekneskapen til Sogn Sparebank, og alternativ resultatmål for 2024, med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Kritiske estimat og vurderingar vedkomande bruk av rekneskapsprinsipp

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må bruke estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert fortløpande, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert vurdert som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt usikkerheit til føresetnadane og forventningane som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er brukte.

Nedskrivingar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetje verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane.

Vurderingar av nedskrivingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevise vurderingar i samband med nedskrivingar i steg 3.

Nedskrivingar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivingar (IFRS 9 nedskrivingar) på utlån og garantiar. Nedskriving vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering og tapserfaring for dei respektive kundegruppene. Utover dette vert det

lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt.

Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsynlegheit for misleghald, tap ved misleghald, forventta levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsmeldinga for 2024 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, og omtale av vesentleg auke i kredittisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata, fører til at det er nødvendig å nytte skjønn i gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivingar på utlån. Dei modellberekna nedskrivingane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen i rentemarknaden, med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med utsiktene som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivingar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsette dei ulike bransjane er innanfor banken sine engasjement. Nedskrivingane for engasjement innanfor ulike bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike bransjane. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med banken si eksponering i kvar bransje. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivingane per bransje. Nedskrivingar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert frå andre kvartal i fjor til i år. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 7.

Kredittengasjement innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i hovudsak utlån med pant i bustadar som har låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Velferdsordningane i Noreg, fører òg til at engasjementa innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for auka tap òg i denne porteføljen, og det er berekna tilleggsnedskrivingar med ein justeringsfaktor multiplisert med uteståande eksponering. Nedskrivingar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har berre små justeringar i andre kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 7.

Verkeleg verdi over finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er notert i ein aktiv marknad (nivå 2 og 3) er verdsett ved bruk av verdsettingsteknikkar. Slike verdsettingar vil vere hefta med usikkerheit.

Verdsettingsteknikkar som er nytta for å bestemme verkeleg verdi er vurdert periodisk opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogeleg nyttast reelle data. Aksjar som er klassifisert i nivå 3 omfattar i det vesentlegaste investeringar i unoterte aksjar, der det er større usikkerheit enn elles i verdsetjinga av eigenkapitalinstrument, jf. note 9.

Note 3 Konsern og tilknytt selskap

Sogn Sparebank har i desember 2024 kjøpt resterande aksjar i ISSB Eigedom AS. Selskapet er no eit 100 % eigd dotterselskap, og er eit reint eigedomsføretak. Etter aksjekjøpet har selskapet skifta namn til

Sogn Sparebank Eigedom AS. Sogn Sparebank innreknar ikkje dotterselskapet Sogn Sparebank Eigedom AS då desse ikkje har vesentleg omsetnad.

Konsern - Goodwill

Sogn Sparebank har ikkje bokført Goodwill pr. 30.06.2025.

Note 4 Transaksjonar med nærstående partar

Sogn Sparebank Eigedom AS

Banken har inngått leigekontrakt med Sogn Sparebank Eigedom AS om leige av lokale i Sogndal.

Note 5 Misleghaldne kredittforringa engasjement i andre halvår

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2025	2024	2024
Misleghald personkunder	38 679	38 046	49 886
Misleghald næringslivskunder	28 550	41 778	29 546
Individuelle nedskrivingar (steg 3)	-13 413	-16 749	-16 788
Netto misleghaldne engasjement	53 816	63 075	62 644

Andre kredittforringa engasjement

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2025	2024	2024
Kredittforringa engasjement personkunder	24 175	15 123	11 023
Kredittforringa engasjement næringslivskunder	57 141	69 255	74 540
Individuelle nedskrivingar (steg 3)	-13 842	-9 545	-16 200
Netto andre kredittforringa engasjement	67 474	74 833	69 363

Note 6 Utlån til og fordringar på kunder fordelt på sektor og næring

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2025	2024	2024
Primærnæringer	78 883	83 458	80 753
Industri og bergverk	16 281	22 314	15 086
Kraftforsyning	129 163	132 605	131 492
Bygg og anleggsvirksomhet	138 457	149 301	144 415
Varehandel	44 919	65 075	43 406
Transport	23 994	22 595	23 072
Overnattings- og serveringsvirksomhet	138 083	144 218	141 895
Informasjon og kommunikasjon	12 716	16 270	14 277
Omsetning og drift av fast eiendom	331 355	421 275	424 620
Tjenesteytende virksomhet	59 381	57 328	54 682
Sum næring	973 232	1 114 439	1 073 698
Personkunder	5 676 408	5 455 755	5 532 059
Brutto utlån	6 649 640	6 570 193	6 605 757
Steg 1 nedskrivingar	-1 999	-5 051	-2 804
Steg 2 nedskrivingar	-4 728	-7 169	-5 176
Steg 3 nedskrivingar	-27 035	-26 155	-32 829
Netto utlån til kunder	6 615 878	6 531 818	6 564 947
Utlånsportefølje hos Eika Boligkreditt AS (EBK)	933 147	862 422	865 694
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	7 549 025	7 394 240	7 430 641

Note 7 Nedskrivning, tap, finansiell risiko

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheit for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit for misleghald på balansedagen. Fordelinga mellom stega vert gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

- Overføring mellom stega som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventet kredittap i steg 1 til kredittap over levetida til instrumentet i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved fråtrekk av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.
- Utlån til kundar som banken kan overføre til bustadkredittføretak er etter IFRS 9 klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat. andre halvår utlån til kundar er klassifisert til amortisert kost. Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar er balanseført som gjeldsforplikting i rekneskapen.

Tabellar pr. 2. kvartal 2025

Personmarknaden

30.06.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kundar - personmarknaden - nedskrivningar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2025	722	1 727	10 765	13 214
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	289	-228	-61	0
Overføringer til steg 2	-118	246	-128	0
Overføringer til steg 3	-9	-90	99	0
Netto endring *)	-329	425	644	740
Endringer som følge av nye eller økte utlån	155	70	0	225
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-91	-238	-1 357	-1 686
Konstaterte tap	0	0	-88	-88
Nedskrivningar personmarknaden pr. 30.06.2025	619	1 912	9 874	12 405

30.06.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2025	5 118 435	352 715	60 909	5 532 059
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	79 254	-78 236	-1 018	0
Overføringer til steg 2	-162 949	166 994	-4 045	0
Overføringer til steg 3	-6 857	-15 305	22 162	0
Netto endring *)	-103 589	-3 085	-4 983	-111 657
Nye finansielle eigendelar utsteda	912 466	17 261	0	929 728
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-618 426	-45 228	-10 067	-673 721
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.06.2025	5 218 334	395 116	62 958	5 676 408

Tabellar pr. 2. kvartal 2025

Bedriftsmarknaden

30.06.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2025	2 083	3 450	22 064	27 596
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	644	-546	-98	0
Overføringer til steg 2	-159	251	-92	0
Overføringer til steg 3	-29	0	29	0
Netto endring *)	-1 266	55	2 522	1 311
Endringer som følge av nye eller økte utlån	290	26	0	316
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-183	-419	0	-602
Konstaterte tap	0	0	-7 264	-7 264
Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 30.06.2025	1 380	2 816	17 161	21 357

30.06.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2025	818 628	159 390	95 680	1 073 698
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	30 026	-28 924	-1 101	0
Overføringer til steg 2	-19 301	20 540	-1 239	0
Overføringer til steg 3	-7 217	0	7 217	0
Netto endring *)	-22 924	-5 741	-383	-29 048
Nye finansielle eigendelar utsteda	69 867	1 025	0	70 893
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-101 366	-24 194	-17 092	-142 652
Konstaterte tap	0	0	342	342
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.06.2025	767 713	122 096	83 423	973 232

30.06.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kreditter og garantiar - nedskrivningar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2025	98	490	159	747
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	55	-28	-27	0
Overføringer til steg 2	-2	2	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på utlån utbetalt i år	-62	110	-201	-152
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	16	0	0	16
Andre eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-29	-17	0	-46
Andre justeringer	0	0	289	289
Nedskrivningar pr. 30.06.2025	76	557	220	853

30.06.2025	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kreditter og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto engasjement pr. 01.01.2025	338 351	19 453	8 409	366 214
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	3 650	-3 348	-302	0
Overføringer til steg 2	-4 301	4 301	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-697	1 134	1 557	1 995
Nye finansielle eigendelar utstede	18 458	360	0	18 818
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-34 996	-507	-7 500	-43 003
Brutto engasjement pr. 30.06.2025	320 466	21 393	2 165	344 024

*) Netto endring viser endring i tap som følgje av innbetalingar/auke av saldo der lån ikkje har skifta trinn.

Resultatførte tap

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-5 794	1 976	7 093
Endring i perioden i steg 3 på garantiar og unyttå kredittar	61	-269	-250
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	-6 271	1 212	33
Konstaterte tap i perioden, der det tidligare er gjort nedskrivningar i steg 3	7 352	0	0
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er gjort nedskrivningar i steg 3	0	323	0
Perioden sin inngang på tidligare periodar sine nedskrivningar	4 398	-474	-621
Tapskostnader i perioden	-254	2 768	6 255

Note 8 Segment

Banken utarbeider ikkje rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Etter banken si vurdering, føreligg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og teneste som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsinformasjon.

Note 9 Verdipapir

30.06.2025				Sum
Verdsetjingshierarki for verdipapirer, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		10 094		10 094
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet	10 829	345 100	7 541	363 469
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			348 826	348 826
Sum	10 829	355 193	356 367	722 388

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	Verkeleg verdi over resultatet
Inngåande balanse 01.01	340 797	8 362
Realisert vinst/tap	(75)	169
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	-	(672)
Urealisert vinst/tap ført over andre inntekter og kostnader	2 616	-
Investering	7 024	-
Sal	(1 536)	(318)
Utgåande balanse	348 826	7 541

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi og opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsetjingsnivå angir nivået på verdsetjingsmetoden som er brukt for å fastsetje verkeleg verdi.

Nivå 1 – er verdien fastsett ut frå kvoterte prisar i aktive marknader.

Nivå 2 – er verdien utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.


Nivå 3 – er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata.

Verdsetjinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsetjinga av Eika Gruppen AS tek utgangspunkt i ei verdivurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsetjingsmetodar. For Norway Best Group AS er nytta sist kjente verdivurdering frå november 2024 basert på relevante verdsetjingsmetodar, med frådrag på 35%. Denne verdivurderinga blir vurdert opp imot sist kjende emisjons- og/eller omsetningskurs, teke omsyn til banken sine egne vurderingar av hendingar fram til balansedagen.

Til saman utgjer desse aksjane 284,2 mill. kroner av totalt 356,4 mill. kroner i nivå 3.


Note 10 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring

	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Jordbruk, skogbruk, fiske	137 979	134 377	143 583
Industri	109 498	120 867	133 961
Bygg og anlegg	105 219	88 260	98 103
Handel, hotell, transport	306 613	368 820	451 162
Finansiering, eigedomsdrift	438 700	548 794	329 712
Offentleg forvaltning og andre	803 482	654 013	739 899
Sum næring	1 901 492	1 915 131	1 896 420
Personkundar	4 480 071	4 245 168	4 218 666
Sum innskot frå kundar	6 381 563	6 160 299	6 115 086




Innskot

- Jordbruk, skogbruk, fiske
- Industri
- Bygg og anlegg
- Handel, hotell, transport, tenester
- Transport
- Finansiering, egedomsdrift
- Offentleg forvaltning og andre



Utlån

- Jordbruk, skogbruk, fiske
- Industri
- Bygg og anlegg
- Handel, hotell, transport, tenester
- Transport
- Finansiering, egedomsdrift
- Offentleg forvaltning og andre
- Personkunder



Note 11 Gjeld ved utferda verdipapir

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024	vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010947377	22.01.2020	16.12.2024	24 000	0	200 377	0	3 mnd. NIBOR + 0,50 %
NO0013010421	11.09.2023	11.09.2025	200 000	200 572	200 551	200 591	3 mnd. NIBOR + 0,84 %
NO0013010439	11.09.2023	11.09.2026	200 000	200 624	200 656	200 671	3 mnd. NIBOR + 1,03 %
NO0013354050	27.09.2024	27.09.2027	200 000	200 029	0	200 052	3 mnd. NIBOR + 0,62 %
NO0013354068	25.09.2024	25.09.2026	100 000	100 050	0	100 033	3 mnd. NIBOR + 0,44 %
Sum gjeld ved utsteda verdipapirer				701 275	601 584	701 348	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2024	Emittert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringer	Balanse 30.06.2025
Obligasjonsgjeld	701 348	0	0	3 893	705 241
Sum gjeld stiftet ved utsteda verdipapirer	701 348	0	0	3 893	705 241
Ansvarlige lån	0				0
Fondsobligasjoner	0	0	0	0	0
Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner	0	0	0	0	0

Note 12 Kapitaldekning

CRR3 ble innført i Norge fra 1. april. Endringene fra regelverket for standardmetoden innebærer mer risikosensitive risikovekter enn i CRR2, særlig for lån med pant i eiendom, der belåningsgrad og verdsettelsesprinsipper får større betydning. Dette påvirker beregnet kapitalkrav og kapitaldekning. Følgende endringer har mest vesentlig effekt på kapitaldekningsberegningen:

Pant i boligeiendom: Engasjement med belåningsgrad under 55 % får en risikovekt på 20 %. Del av engasjement over 55 % belåningsgrad får en risikovekt på 100 %. Dette prinsippet kalles «lånesplitt-

metoden». Fram til 1. april i år hadde delen engasjement med pant i boligeiendom under 80 % belåningsgrad en risikovekt på 35 %.

Pant i næringseiendom: CRR2 med nasjonale regler for Norge, ga ingen reduksjon i risikovekt for sikkerhet i næringseiendom, dvs. at disse engasjementene hadde en risikovekt på 100 %. CRR3 innfører redusert risikovekt for sikkerhet i næringseiendom etter følgende regler (prinsippet kalt «hele lånet-metoden»):

Belåningsgrad under 60 % gir risikovekt på 70 % for hele lånet.

Belåningsgrad mellom 60 % og 80 % gir risikovekt på 90 % for hele lånet.

Belåningsgrad over 80 % gir en risikovekt på 110 % for hele lånet.

I den nye standardmetoden er det egne og høyere risikovekter for lån med sikkerhet i inntektsgenererende næringseiendom. Disse vektene gjøres i Norge gjeldende for alle lån sikret med pant i næringseiendom, uavhengig av om eiendommen faktisk er inntektsgenererende.

Det er også innført strengere krav til verdsettelse av eiendommer, hvor gjennomsnittsverdier over 6–8 år skal benyttes, med visse unntak.

Egenkapitalposisjoner: Det er innført en regel om risikovekt på 250 % for langsiktige investeringer i aksjer og fondsobligasjoner og risikovekt på 400 % for investeringer i aksjer med hensikt til videresalg, samt investeringer i venture capital-selskaper o.l. Det er imidlertid gitt overgangsregler som innebærer en gradvis opptrapping av risikovekt fram mot 31.12.2030. I perioden 30.06. -31.12.2025 er risikovekten for egenkapitalposisjoner på 100 %.

Subordinert gjeld: Investeringer i subordinert gjeld (ansvarlig lånekapital og annen etterstilt gjeld som TLAC og MREL) får en risikovekt på 150 % mot 100 % i CRR2.

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Morbank			
Eigenkapitalbevis	31 625	31 625	31 625
Eigene eigenkapitalbevis	-673	-673	-673
Overkursfond	32 812	32 812	32 812
Sparebanken sitt fond	943 190	869 722	869 722
Gåvefond	30 378	22 878	22 878
Utjamningsfond	54 420	53 278	53 278
Fond for urealiserte vinster	64 888	66 709	64 887
Resultat etter skatt	0	0	103 758
Sum eigenkapital	1 156 640	1 076 351	1 178 287
Utbyte	0	0	-12 381
Frådrag for forsvarleg verdsetjing	-745	0	-704
Andre frådrag i rein kjernekapital	-22 382	-165 459	-26 923
Rein kjernekapital	1 133 513	910 892	1 138 278
Fondsobligasjonar	0	0	0
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	1 133 513	910 892	1 138 278
Ansvarlig lånekapital	0	0	0
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	0	0	0
Sum ansvarleg kapital	1 133 513	910 892	1 138 278
	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Eksponeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	0	49	0
Institusjonar	8 504	199	1 289
Føretak	159 286	158 127	150 141
Pantesikra eigedom	2 501 292	2 728 907	2 786 082
- Herav pantesikra i bustadeigedom (CRR3)	2 165 451	0	0
- Herav pantesikra i næringsseigedom (CRR3)	335 841	0	0
Forfalne engasjement	131 028	165 264	144 290
Høgrisiko	0	12 635	12 543
Kjøp, utvikling og oppføring av fast eigedom	0	0	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	10 668	10 170	9 771
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	177 505	145 637	154 372
Andelar verdipapirfond	70 567	42 894	66 297
Eigenkapitalposisjonar	370 969	234 487	401 092
Andre engasjement	149 808	126 857	150 342
Subordinert gjeld	65 322	0	0
	0	0	0
	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	3 644 949	3 625 226	3 876 219
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	317 759	352 225	409 766
Sum berekningsgrunnlag	3 962 708	3 977 451	4 285 985

Konsolidering av samarbeidande grupper

Føretak som deltar i samarbeidande gruppe skal foreta forholdsmessig konsolidering av eigarandelar i finansforetak som samarbeidet omfattar, jf. Finansforetaksloven § 17-13 (2) og utfyllende fastsetjingar i CRR/CRD-forskriftens § 16 (3) og §32 (4).

Sogn Sparebank deltar i samarbeidande gruppe med Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Eigarandelen i Eika Gruppen (2,17 %) og Eika Boligkreditt (0,85 %) blir konsolidert med bankens kapitaldekning.

Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta eigarandeler i selskap som forholdsmessig konsoliderast inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, i likskap med resten av bankane i alliansen, ved rapportering for 4. kvartal 2024 i samsvar med unntaksregelen i berekningsforskriften § 18 bokstav c, som svarar til artikkel 49.2 i CRR. Dette medfører at banken hamnar under terskelverdi på 10 % for frådrag, og gir ein auke i kapitaldekning på morbanknivå. Prinsippendringa medfører ingen endring for dei forholdsmessig konsoliderte tall. Historikken er ikkje omarbeida.

	30.06.2025	30.06.2024	31.12.2024
Rein kjernekapital	1 125 184	1 042 665	1 125 405
Kjernekapital	1 132 043	1 049 320	1 132 462
Ansvarleg kapital	1 141 286	1 059 293	1 141 972
Berekningsgrunnlag	4 257 190	4 441 115	4 648 177
Rein kjernekapitaldekning i %	26,43 %	23,48 %	24,21 %
Kjernekapitaldekning	26,59 %	23,63 %	24,36 %
Kapitaldekning i %	26,81 %	23,85 %	24,57 %
Uvekta kjernekapitaldekning %	11,86 %	11,28 %	12,16 %

Note 13 Eigarandelsbrøk

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjør per 30.06.2025 kroner 31.625.000 delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande kroner 50,- tickerkode SOGN.

Eigarandelsbrøk for Q2-2025, se tabell, er utrekna med utgangspunkt i eigarandelsbrøk for 2024, justert for utbetalingar gjennom 2024.

Beløp i tusen kroner	31.12.2024	31.12.2023
Eigenkapitalbevis	31 625	31 625
Overkursfond	32 812	32 812
Utjamningsfond	67 070	62 764
Del av bytteforhold	10 804	10 804
Sum eigarandelskapital (A)	142 311	138 005
Sparebanken sitt fond	943 190	862 222
Gåvefond	39 375	37 878
Grunnfondskapital (B)	982 565	900 100
Fond for urealiserte vinster	64 887	66 709
Fondsobligasjon		
Anna egenkapital (eigne EK bevis)	-673	-673
Estimert bytteforhold	-10 804	-10 804
Sum egenkapital	1 178 287	1 093 338
Eigarandelsbrøk A/(A+B)	12,65 %	13,29 %

Note 14 Eigenkapitalbevis - 20 største eigarar

Dei 20 største eigarane pr. 30.06.2025 utgjer 44,69 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

30.06.2025		
Navn	Beholdning	Eierandel
BJØRKEHAGEN AS	60 400	9,55 %
WERGELAND HOLDING AS	32 830	5,19 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	32 040	2,06 %
ØYER VEKST AS	16 500	2,61 %
DAHLSTRØM, FINN SVERRE	15 750	2,47 %
SOGN SPAREBANK	13 450	2,13 %
VALDERSNES, TOMAS	12 676	2,00 %
ØIE, ODD REIDAR	12 665	2,00 %
EIKA GRUPPEN AS	11 200	1,77 %
HANØY, PER	11 000	1,74 %
HÅPE AS	10 000	1,58 %
ÅRDAL KOMMUNE	10 000	1,58 %
SÆTHER, ESPEN	9 948	1,57 %
NORDNET LIVSFORSIKRING AS	9 016	1,43 %
GRAFINOR AS	8 211	1,30 %
AMBLE INVESTMENT AS	8 053	1,27 %
NAGELL, MARTIN JAKOB	8 000	1,26 %
LUSTER SPAREBANK	7 600	1,20 %
HETLEVIK AS	6 478	1,02 %
WIBORG, TORD GEIR	6 050	0,96 %
Sum 20 største	301 867	44,69 %
Øvrige eigenkapitalbevisiere	330 633	55,31 %
Totalt antall eigenkapitalbevis (pålydende kr 100)	632 500	100,00 %
Antall bevis:	632 500	
Antall eiere:	1 037	

Note 15 Hending etter balansedag

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

